

# Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 2 2007


- **Varhaug  
Marken**  
1. og 2. juni
- **Christins**  
17. mai-tale
- **Tønes kjæme  
til marken**
- **Husk**  
ongaløpet på  
fredag
- **Annons-  
bilag med  
mange gode  
tilbud side 10-  
17 + baksida**



**Velkommen til Varhaug-  
marken og turnstevnet!**

Bilene fra stemmer i 97





**Varhaugmarken 07: Fre. 1. og Lør. 2. Juni.**

## Tønes kommer på Marken, kommer du?

Så var det snart juni måned og vi kan igjen ønske velkommen til den årlige Varhaugmarken. Byggedagene på Varhaug har blitt en solid tradisjon som i år arrangeres for 26. gang.

Sommerblomstene har kommet i jorda og i skrivende stund legges ny asfalt i gatene. Alt ligger nå til rette for en flott ramme rundt årets Marken.

Marken starter på fredag kl 17. Butikkene flytter ut på gata og det er gode muligheter for å gjøre en god handel og kjøpe seg noe å bite i. Det vil bli sang og musikk av ulikt slag fra scenen midt i gata både på fredag og lørdag.

Vi har i år fått med oss visesangeren Tønes fra Sokndal på fredagskvelden. Han vil opptre fra scenen fra klokka 20. Dette er en gratiskonsert og vi satser på stort oppmøte og god stemning.

Når bodene i gata stenger klokka 21, er det muligheter for å fortsette praten i serveringsteltet som vil ha oppe utover kvelden.

Lørdag starter med gratis frokost sponset av næringsdrivende og bondeorganisasjonene. Det blir både musikk og danseoppvisning fra scenen under frokosten.

Samme helg som marken blir det også arrangert et stort turnstevne i regi av Varhaug idrettslag. Vi vil få se innslag fra ulike turngrupper både fredag og lørdag.

Varhaugmila som mange år har vært borte, kom i gang igjen i fjor og har nå blitt en tradisjon. Starten går fra SR-bank klokka 12.30.

Marken er en glimrendes anledning til å invitere på besøk utflyttede varhaugsbuer og venner rundt omkring i våre nabobygder. Vi håper og satser på at flest mulig støtter opp om marken. Snakkes på Marken!

**For Markenskomiteen  
Morten Tjemsland**

*NB!  
Varhaugbuen  
denne gang  
vert distribuert  
til tettstadene  
Nærbø, Vigrestad  
og sørover*

**NORGESHUS**  
Varhaug

**BYGGMESTER**  
**Jon Harald**  
**Håland a.s**

Opstadveien 653, 4360 Varhaug  
Tlf.: 51 43 07 70 - Mobil 911 811 67

**HRD**

HÅ REGNSKAP OG DATA  
Daglig leder: Rune Odland  
Autorisert regnskapsfører  
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug  
Tlf. 91511088 E-mail: runeo@hrd.no

V Å T R O M S G O D K J E N T

**Jæren Flis &  
Skifer as**

Erik Jessen  
Meierivegen 4G, 4360 Varhaug  
Tlf. 51 43 55 78 Fax. 51 43 71 23  
Mobil 905 11 987 E-post:  
ej@hesbynett.no

FLISER • SIFER • MUR • BSS

# Program

## Varhaugmarken

### Fredag 1/6-07

- 17.00 Åpning av Varhaugmarken
- 17.15 Sang av Einar Reime
- 17.30 Hestekjøring for barn v/Coop
- 18.00 "Ongaløpet", start v/SR-banken
- 18.30 Koret Hananjah
- 19.00 Turnoppvisning Varhaug IL
- 20.00 Tønes spiller fra Scenen
- 21.00 Bodene stenges for kvelden
- 21.00 Treff i teltet

### Lørdag 2/6-07

- 08.30 Gratis Frokost (frem til 10.30)
- 09.00 Tekkspillklubben spiller fra scenen
- 09.00 Salgsbodene i sentrum åpner
- 10.00 Seniordansen har oppvisning
- 10.30 Korpset spiller
- 11.30 Turnoppvisning Brusand IL
- 12.30 Varhaugmila, start v/SR-banken
- 13.30 Hittegodsauksjon fra scenen
- 15.00 Marken slutt for i år
- Bygdekvinnelaget steiker flatbrød, og kinner smør i teltet begge dagane
- Gode muligheter for kjøp av wok og grillmat i gatene under hele Marken
- Det blir kunstutstilling i "Gamle Posten" vis a vis Lensmannskontoret

### Markenskomiteen takker for støtten frå:

AH-Bygg - Jærentreprenør AS  
Uldal Dør og Vindu - Ole G Nord-Varhaug og Co  
Jæren Landbrukssenter AS - Fjordkjøkken AS  
Herredsvela Transport

### Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinnelag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bridgeklubb, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Fråhaldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga  
Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset  
Sekretær

Ingunn Helen Reiestad, bondelaget  
Kasserar

Jone Bryne, 4H  
Varamedlem

Sverre Ånestad, fråhaldslaget  
Varamedlem

Steinar Malmin, skulekorpset  
Redaktør

Liv Hobberstad


Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - (1906-1978).

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav i still  
og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav ein  
gløymlekleknad god.*

*Men ein og annan merkestein held fast  
eit minne enn*

*der han står vakt om deira bein som  
levde i vår grend "*





# Varhaugmarken 1. og 2. juni 2007



**Varhaug IL vil som vanlig være på plass på marken med egen stand. Vi håper at mange stopper ved vår stand for godt drøs, kanskje kaffe og en nysteikt lappe?**

Fredag kl. 18.00: **ONGALØPET.** Dette løpet er for barn i alle aldrer, fordelt på tre klasser. Det er ingen påmeldingsavgift og alle får premie.

Fredag kl. 19.00: Oppvisning fra turnjenter fra Varhaug IL.

Fredag kl. 21.00: Treff i teltet for sosiale varhaugsbuer og andre interesserte.

Lørdag kl. 10.- 12: Varhaug IL, håndball og fotball arrangerer diverse aktiviteter ved standen.

Lørdag kl. 11.30: Oppvisning fra Brusand Turn.

Lørdag kl. 12.30: **VARHAUGMILÅ.** Varhaugmilå er tilbake, forhåpentligvis for å bli. Deltakerne trenger heiagjeng, så mange som mulig!! Dette året skal "di Onnai" få kamp!.



**Varhaug Idrettslag**

**Tone Ånestad**

# Nå æ dæ snart barnas turnfestival



**Barnas turnfestival står før døra.  
2. og 3. juni er Varhaug IL vertskap for  
rundt 1.100 turnere fra Rogaland  
– Åkra i nord til Eigersund i sør.  
Alderen på disse er 7 – 12 år.**

Vi i arrangementkomiteen har jobba i rundt et år for at gjestene våre skal få ei flott og minnerik helg på Varhaug.

Lørdagen vil det bli trening på de forskjellige programmene, noen felles for alle og noen for bare ei turngruppe/idrettslag. Om kvelden blir det fest i idrettshallen for alle festivaldeltakerne.

Søndagen skal det være oppvisning på idrettsparken.  
**KOM Å SJÅ**

Det vil vera dans, oppvisning på matte og trampoline og mye mer. Her vil det være oppvisninger full av glade barn og totalt uten konkurranse.

*Du kjæme vel på iden å ser du au – syndag klokka 1. (13).*



Turnhilsen fra  
Synnøve Obrestad  
Leder arrangementkomiteen

**KOM Å SJÅ - KOM Å SJÅ - KOM Å SJÅ - KOM Å SJÅ**

## Frå redaksjonen



Denne Varhaugbuen vert litt spesiell i og med at den skal sendast ut både sør og nord for Varhaug. Dette er gjort for å laga litt ekstra blest både om Varhaugmarken og turnstevnet.


Det vart bestemt heilt frå starten av den “nye” Varhaugbuen at det ikkje skulle vera for mykje annonser. Men noko må ein jo ha til å betala trykkinga med. Denne gongen har me gjort ein ny vri på dette p.g.a. av Marken. Tilboda frå næringsdrivande på Varhaug er lagt til midten, slik at dette kan nappast ut av bladet dersom de ynskjer å ta det med dykk på Marken. *Håper de som bur utanfor Varhaug finn både tilboda og bladet interessant.*

Fremst i bladet kan de lesa kven som står bak Varhaugbuen. Me prøver så godt me kan både å gje informasjon om dei ymse laga, og om ting og tang som rører seg i bygda. Denne gongen er det Varhaugmarken og det som høyrer til der på fredag og lørdag som er viktig, og ikkje minst det store turnstevnet på søndag. Turnarane kjem på lørdag og skal overnatta på skulane. Middag skal dei få ute på bygda lørdag. Program for begge deler finn de annan stad i bladet.

Varhaugbuen ynskjer både Marken og Turnen lukke til med dagane. Og så er det berre å håpa på at veret kan verta like godt som 17. mai.







# 17.mai-talen 2007 på Varhaug

Til lukke med dagen, alle saman.

I vinter ringde Jon Flåten på vegne av 17.mai komiteen og spurde om eg ville halda tale på Varhaug. Ei slik utfordring kan ein ikkje takka nei til, så difor står eg her i dag. Eg heiter Kristin Søyland, eg er fødd og oppvaksen på ein gard i Gjesdal.

Gjesdal er ein kommune mellom Bjerkreim og Sandnes, som få varhaugbuar veit om, men han finst no der oppi fjellheimen. Eg har vore aktiv i bygdeungdomslaget, og under eit årsmøte i Norges Bygdeungdomslag i Larvik sat eg ved sida av ein kjekk bonde i frå Reiest på Varhaug. Slik kom eg til Varhaug og vart varhaugbu.

Eg har alltid vore ein gjesdalbu med lange røter, og dei røtene har det teke tid å flytja over til Hå. Då eg fortalte om kor triveleg det var å feira 17.mai på Gjesdal, mobba svingerfar meg. Fyrst spurde han om me hadde 17.mai-tog på Gjesdal, og eg svara at; klart me har 17.mai-tog. Så spurde han kor mange som såg på det toget. Litt tålegare svara eg at dei fleste går i toget – det er jo det som er poenget med eit tog, men at dei eldste, i alle fall 50 ser på.

Med eit flir spurde han kor toget gjekk hen. Litt raud i toppen forklara eg at me gjekk ca 1 km langs vegen gjennom bygda, snudde ved ei bru og gjekk tilbake att til kyrkja. Eg trur aldri eg fekk overbevist han om at han hadde gjeve glipp av noko ved å feira 17.mai på Varhaug alle desse åra, og ikkje sett korleis me hadde det på Gjesdal.

No har eg budd her på Varhaug i 6 år, og eg stortrivst. Mest imponert er eg av måten eg er blitt teken i mot på. Eg har opplevd å bli sett på som ein ressurs og har blitt spurt om å delta i foreningar og i politikken. Eg hadde trudd at eg måtte bu her i mange år og verta ein skikkeleg varhaugbu for slike spørsmål kom. Og eg set stor pris på at det ikkje er tilfeller!

Den styrste skilnaden eg har opplevd mellom Gjesdal og Varhaug ligg i augene mine. Mange seier at det er så mange uskrivne reglar i bygdene, og at det er vanskeleg for utanforståande å koma inn i miljøet. Eg har alltid tykt det er ei negativ vinkling på korleis bygdene er, og ikkje trudd på det. Overraskinga var difor stor då eg opplevde sjølve å koma ny i ei bygd. Eg ser tydeleg at eg har sterke briller i Gjesdal og at eg er nesten blind på Varhaug.

I Gjesdal veit eg kven som er med i politikken, kva politisk parti folk sansynlegvis heller til, kven som stiller opp på dugnad, kva lag folk er med i, kven som er skilde og kven som er gifte. Eg har aldri sett dette så tydeleg som når eg kom til Varhaug og opplever at eg ikkje ser nokon ting.

Når eg ser ein person på Ålgård, så ser eg alle dei usynlege tinga rundt han som eg trur er eigenskapar ved personen, medan her så ser eg berre folk og anar ikkje om dei går på misjonshuset eller på idrettshuset, om dei sterkt mislikar alt som har med Nærbø å gjera, om dei eig Bohus eller er i familie med presten.

Det har vore ei så utruleg nyttig erfaring og så befriande å vera heilt utan dei sterke brillene som har satt folk i bås. Det hender titt at eg trør i salaten når eg drøser her, for det er så mykje usagt eg ikkje veit, men det skal eg klara å leva med.

Her så lærer eg helst folk å kjenna fyrst, før eg går heim og spør Ingve kor dei er frå og kva dei gjer. For spør må eg jo om eg skal læra kven som er kven. Då eg trudde eg visste forskjellen på Erik S., Erik T. Og Eirik Skretting, Eirik J. og Eirik K, så snakka Liv Hobberstad plutsleg om Eirik Jonassen. Korleis skulle eg vita at det var han same som Eirik J? For ikkje å snakka om alle Abrahamane som finst i området, der kan eg berre ein enno....

Eg tykkjer det var modig gjort å spørja meg om å halda 17.mai-tale, eg som ikkje kan uttala Varhaug rett ein gong.





# Varhaug, av Kristin Søyland

Det tykkjer eg er nok eit bevis på ei stor og romsleg bygd.

Og det er vel nettopp stor og romsleg me alle ynskjer at Varhaug skal vera, slik at det er rom og plass for alle sine interesser og forskjellar. Rom nok til å gjera ein feil utan å verta dømd for alltid og rom til å gjera suksess utan å bli utestengt.

Det har me til felles alle som er her i dag, kvar av oss avgjer korleis det skal vera å bu her på Varhaug. Når me står opp om morgonen så har me valet om me vil sjå lyst eller mørkt på livet og tilværet her i bygda. Korleis me ser på livet og bygda avgjer korleis me sjølv, familien, naboane og venene har det. Det er ikkje berre politikarane som har ansvaret, og fjåge folk rundt seg er viktigare enn om kommunen har vedteke all verdas planar.

I staden for å gå rundt og syta over alt som ikkje finst på Varhaug, går det an å nytta og nytta det som finst. Viss me vil at det skal vera butikkar og bedrifter her i bygda, så må me handla her og ikkje reisa til Kvadrat og kjøpa varer me kunne fått heime.

Me kan ikkje forventa at nokon andre skal koma og halda liv i bedriftene våre, det må me gjera sjølv. Både ved å handla der og å snakka fint om dei. Viss me hadde vore flinkare til dette, trur eg me enno hadde hatt kledebutikken M2 i sentrum.

Dei to siste åra har eg hatt som mål at eg ikkje skal handla julegåver nord for Bryne. Det har gått godt, det meste har eg fått på Varhaug og Nærbø og det var gjort i ein fart. Ikkje måtte eg betala for å parkera og kø trong eg heller ikkje stå i.

Når eg reiser rundt i norske bygder, så slår det meg at dei fleste er veldig like, dei har ein matbutikk og ein bensinstasjon. Når me reiser med toget, så er det oftast namneskiltet på stasjonen som avgjer om me veit kor me er.

Korleis skal me skapa ei bygd og eit sentrum som folk hugsar att, og som avgjer at eit bilete frå Varhaug ikkje kunne vore frå eit heilt anna sentrum. Bedriftsforeininga tenkjer på dette, men alle må me bygga merkevaret Varhaug.

Den søppelaksjonen som Rune Odland har starta, er eit steg mot ei rein og flott bygd. Og det er eit steg som me alle kan ta. Viss kvar og ein ryddar opp etter seg sjølv og tek

med seg det ein kjem over, er me komne langt på veg. Viss kommunen set opp nokre søppeldunkar i sentrum og langs sykkelstiane, så gjer ikkje det saka verre.

Kva er det som skil oss frå andre? Då eg gjekk på skulen på Ålgård var Varhaug så langt utpå bondelandet som det var mogleg å koma, og det treng ikkje plent vera negativt. I mine auge er denne bygda ekte på alle måtar; unik natur, mykje historie som viser att i landskapet, eit vidspektra næringsliv og landbruket som ei flott rame rundt bygda. Det er ingen ting falkst og lettvektaraktrikt ved Varhaug. Og eg håpar at folk utanfrå vil sjå på bygda som ekte og jordnær, ikkje som ei bygd som prøver å vera ein by, slik så mange andre bygdesentrum prøver å vera.

Mykje trivelege folk og mange aktivitetstilbod gjer Varhaug til ei flott bygd å bu i og vera stolt over. Viss me er stolte over bygda vår, og snakkar fint om ho, vil ungane våre og sjå det positive med å bu her og kanskje flytja tilbake når dei skal etablera seg.

I Gjesdal er skiljet mellom bygd og sentrum stort, og eg har aldri følt at eg hadde noko på ei julegateopning på Ålgård å gjera. Difor set eg så stor pris på at eg kan bu på gard i Varhaug og kjenna at det som skjer i sentrum òg gjeld meg og min familie., ikkje berre dei som bur i "stassjonen". Og tenk at me alle kan samlast til ei, felles 17.mai-feiring her på Idrettshuset. Det tykkjer eg det står respekt av!

Me feirer 17.mai fordi kloke hovud denne dagen i 1814 greidde å laga ein grunnlov som har vorte plattformen til den frie nasjonen Norge. Med dette grunnlaget og litt naturressurser har Norge 5 år på rad vorte kåra til det besta landet å bu i. Me har alt me treng og kan gjera og seia kva me vil. Me er sjølv med og avgjer korleis me vil ha samfunnet, kvardagen og framtida vår.

Med grunnlova i 1814, lausrivinga frå Sverige i 1905, oppbygginga av landet etter 2.verdskrig og velferdsstaten i tankane kan me feira at me bur i verdas beste land og i landets beste bygd.

Gratulera med dagen alle saman, og takk for meg!





# Rydding av Varhaug Sentrum

I forrige utgave av VarhaugBuen dristet jeg meg til å utfordre bygdas pensjonister til å bistå med opprydding i Sentrum. Fekk mange positive tilbakemeldinger fra sambygdingar i alle aldersgrupper. Vi er fleire, heldigvis, som ikke kan akseptere at nærmiljøet skal ødelegges av graps og rot.

Det viste seg at "Jernbaneverket" måtte på "banen", for ikke å si sporet. Jernbaneverket er en forholdsvis stor og tung organisasjon. Vi kjenner alle

greiner ble samlet opp og kjørt vekk i traktoren til Oddmund Rein Husveg. Ca 10 frivillige startet opp og ryddet hele strekket fra Stasjonsbygningen til Djupholsbruå. Ein fin og effektiv gjeng. Takk til dei. Økta blei avslutta med en varmrett fra Bø'en. Hå Kommune v/ Jens Berg var også svært velvillige til å støtta saken med godvilje og utstyr som klyper, trillebårer, koster etc.



## Hva så fremover ?

## Hvordan skal vi holde orden i Sentrum ?

Det første og mest iøynefallende, etter min oppfatning, er Jernbaneundergangen. Den må vi male, og det helst før Varhaug marken. Dersom den blir tilgriset igjen, maler vi over igjen. Det "slaget" skal vi vinne. Maling skaffes til veie for den ( de ) som vil ta utfordringen !

Vi skal sette opp "vaktliste" for Sentrumrydding. Siste TORS DAG i HVER måned, fra kl 13.00, er fast ryddedag. Da kan frivillige møte utenfor garasjen hos Bø'en og få utlevert ryddeutstyr og vester. Abraham Nord-Varhaug, en spesiell takk til han som har vært en pådriver også på undertegnede i denne saken, har nøkkel til garasjen ( hvis han ikke skulle være tilstede er det nøkkel inne på Kiosken hos Kine ) For den som vil gå utenom denne dagen så er selvfølgelig også det mulig. Bruk Bø'en som base m h t nøkkel og utstyr.

Med ny-asfaltert sentrum, blomster og greier må vi ikke la rot og graps skjemme ut.

til hvordan det er når ikke høyre hånd er klar over hva venstre hånd foretar seg. Etter hvert fikk vi kontakt med Edmund Birkeland og siden Odd Jarle Bilstad, som vaktmann under ryddearbeidet. Det var 2 gode karer. Jernbaneverket har sine sikkerhetsrutiner og de må vi selvfølgelig respektere.

Det viste seg at Jernbaneverkets folk (den andra hånnå ) hadde hatt en rydding og fjernet plast, flasker etc noen dager før vår aksjon, uten å ta kontakt med noen av oss.

Selve ryddeøkten vår foregikk den 15. mai, i fint vær Nedsagte tre og

Rune Odland



## Flott ryddegjeng

Etter innlegget til Rune Odland i forrige nummer av Varhaugbuen, melde Abraham Nord-Varhaug m.fl. seg til rydding.

Her er ein del av desse oppteken av å rydda i sentrum. Det største problemet var i grunnen alt det rotet som låg over på jernbanen sitt område. Her hadde dei med seg ein NSB

mann som såg etter at ingen av dei kom for nær togskjenane. Kvifor rydder ikkje NSB opp etter seg sjølv når dei sager ned greiner og trær? Det såg helst ut som starten på eit St.Hans bål etter dei hadde køyrt vekk alle greinene. Her burde helst NSB betalt noko for dette. Liv



## Oppussing av utstillingsmateriale

I mange år har utstillingsmaterialet blitt brukt på haustfesten og dette har nok tatt på for det var ganske slitt. Derfor fant vi i Svala 4H ut at vi skulle lage eit medlemsmøte der medlemmane fekk vere med å pusse opp dette.

16. april møtte det opp ein gjeng med friske medlemmar som var klare for å ta i eit tak. Nokon bar plater, og andre reinska dei for tapet. Dette gjekk unna i ein fei.

Då vi var ferdige var det på tide med lappar. Det var medlemmane sjølv som hadde laga dei og steika dei.

## Aktivitetsdag på 4H garden på Kvia

29.april arrangerte 4H nemda Aktivitetsdag på Kvia 4H gard der Svala 4H hadde ansvar for spikking. 400 emne var laga klar på førehand, og vi hadde med 16 knivar. Barna fekk laga alt i frå figurar, til pilspissar.

Andre 4H klubbar hadde ansvar for kvar sine aktivitetar som: toving av ull, steiking av "pannekakeskjeva", grilling av sjokoladebanan, sjokoladeceple, osteskjeve, ansiktsmaling, kjøring med hest og kjerre og wolleyballturnering. Det var mange familier som møtte opp i det fine veret.



# coop

Varhaug ba

MARKENS-TILBUD

**MARKENS-  
TILBUD**

Barneklær

0—8 år

**÷20%**



Kjøkkenvekt

elektronisk lime/sort

kr **99,-**

Plastglass grønn

turkis 6 stk

kun kr **10,-**

Juicepresse

lime / sort

kr **49,-**

**Malingsrester**

fra kr **10,-**



## Stort restebord i gangen med knallpriser

*ps. salget starter fredag kl. 17.00*



Paviljong

3 x 3 m - blå/hvit

kr **248,-**



Tønnegrill kr

**198,-**

**Salg av grillet laks ute - lørdag 2. juni**



**FRA EGET  
BAKERI**  
Fyrstekake

kr **29,90**



### Kafeèn

Vi serverer varmmat, kaffe  
og kaker. Åpent under hele  
marken



Grandiosa

ass

kr **19,90**

Coop juicer

**÷25%**

**coop  
mega**







# BYGGMESTER SKRETTLINGLAND & LOBEKK AS



Opstadveien 64 | 4360 Varhaug |  
Tlf. 51 43 80 06  
Fax 51 43 80 07 | Mobil: 982 46 470 |  
post@bm-sl.no

Byggmester Skrettingland & Lobekk as er totalleverandør av små og store byggeprosjekter. Vi har i dag 14 medarbeidere.

Vi leverer håndverkstjenester som oppføring av nybygg, påbygg, tilbygg, innredning, rehabilitering, våtrom og asbestsanering.

Byggmester Skrettingland & Lobekk as tar oppdrag på private boliger, driftsbygninger, skoler, barnehager og andre bygg. For våre kunder kan vi tilby en skreddersydd leveranse.

Vi er forhandler for VestlandsHus as. Fra dem kan vi levere fra byggesett til komplett bygg. Les mer om VestlandsHus på [www.vestlandshus.no](http://www.vestlandshus.no)

Primært bygger vi på Jæren, men vi tar gjerne oppdrag fra Stavanger til Eigersund.

Vårt distrikt kjenner vi, våre priser er konkurransedyktige, og vi har effektiv og stabil arbeidskraft. Går du med byggeplaner; Prøv oss!



# LABB OG LINE DAG

for alle barna i  
Labb og Line  
Spareklubb!

Labb og Line kommer  
på besøk, fredag fra  
kl 17.00 og lørdag  
fra kl 10.00!



Tøm sparebøssene under Varhaugmarken og få en overraskelse.  
Åpent fredag til kl 20.00, og lørdag kl 10.00-13.00.  
Ikke åpent for vanlige banktjenester etter ordinær åpningstid.  
Det blir ballonger og annet gøy for alle barna!  
Velkommen inn i banken!

Vit at vi er der.

SpareBank 1 SR-Bank



# TILBUD FRA ONS. 30/5 TIL LØR. 2/6

*Ferdigstekt steik*

*Ferdigstekt steik*

*Varme grillbein og pannekaker kvar fredag*

*Komla laga av poteter*

*Lever i fløtesaus*

*Koldtbord og smørbrød*

*Kjøttkaker i saus*

*"Gyros" (marinert, terna, svin)*

*Ferdigmat:*

- Koldtbord/smørbrød
- Gryterett m/salat
- Karbonader/kjøttkaker

*Marinerte svinekotletter*  
ass. pr kg **69,-**

*Spedd kjøtteig*  
pr kg **69,-**

*Kjøttpølser*  
pr kg **49,-**

*Hos R. Skretting får du det du ønsker av norske kjøttvarer fra A til Å*


*God personlig service får du med på kjøpet*

*Vårt faglærte personell med kokk, butikkslakter og pølsemaker/-mester lager selv alt etter egne oppskrifter*

*Kun egenproduserte norske kjøttvarer*

**R. SKRETTING A/S**

KJØTTFORRETNING  
DELIKATESSE  
SELSKAPSMAT  
4360 Varhaug Tlf. 51 43 02 16



*Griller til utlån gratis!*

*Vi tar oss også av grillingen!*

## MARKENSTILBUD PÅ STAND

PUTER

**49,-**

RYER

**199,-**

DØR-MATTER

**49,-**

GARDENA

TRYKKSPRØYTE

**199,-**

VOKSDUK

FØR 98,- NÅ FRA KR

**49,-**

I BUTIKKEN:

**÷20%**

PÅ LAMMELGARDINER OG PERSIENNER

VEGGMALING  
10 liter

**198,-**

KLIKKPARKETT  
14 MM

FRA **179,-**

**FARGERIKE HALVORSEN**

Varhaug - Tlf. 51 43 61 00

**FARGERIKE**®

Norges ledende farge- og interiørkjede

ÅPNINGSTIDER I BUTIKKEN:

FRE. 08.30 - 18.00 • LØRDAG 09.00 - 13.00:



STUELAND  BYGGET

**SPAR** 

Kuleis på  
standen  
i år óg!

**Grilling  
av grønnsaker m.m.**

**Evergood kaffi**  
pr pk 250 gr  
**13,90**

**Potetkaker**  
Roxman pr pk  
**14,90**

**TORG MED NORSKE GRØNNSAKER**

**SKOGSTAD**   
**FLEECEJAKKER**  
MOD. KÜLING  
Junior/senior

**SENIOR**  
**199,-**

**JUNIOR**  
**199,-**



**Lars Gaute Sport A/S**

Stasjonsveien, Varhaug - Tlf. 51 43 28 80



**Champion**  
**STRØMPER** 3 pak for 199,-

**99,-**

**SKOGSTAD**   
**DIVERSE JAKKER**

**÷40%**

**Bergans**  
OF NORWAY

**SKULESEKK**

**÷40%**

**reima**  
**DRESS**

**÷30%**

  
**UMBRO**  
**PARTIVARER**

**salg**



# STUELAND BYGGET

Denne  
kan  
bli din!



**Wonderland  
Basic kontinental**

150 x 200 cm

Verdi: **12.995,-**



**Solado pavljong**

4 x 3 m Pris komplett **3499,-**

3 x 3 m Pris komplett **2999,-**



## K O N K U R R A N S E

Hvor mange fjærer er det i denne  
Wonderland madrassen?

Kom inn i butikken og bli med på  
tippekonkurransen.

Du får spørreskjema i butikken  
fredag og lørdag .

Trekning lørdag kl. 14.00



**Nye og  
trendy  
hagemøbler**

Bildet viser Mekka  
hagemøbelgruppe

 **Bohus**®  
VARHAUG as

Tlf. 51 43 87 00



# FK butikken Varhaug



Utelampe  
hvit 3 stk **199,-**

Nyhet!

Max  
insekt-  
smekker **99,-**



Stort UTVALG av Bruder traktorer

1:16 - FRA **239,-**

Brødsett  
Fiskars

Før 129,- NÅ

**89,-**



T-skjorter

2 pk svart/hvit

Før 149,- NÅ

**99,-**



Levende opptatt av det

**butikken**

Felleskjøpet Varhaug, 51 77 14 70

Åpningstider

Mandag - fredag

Lørdag

8.00 - 17.00

9.00 - 14.00





Gatorade/Imsdal 0,7 ltr kun kr ..... **20,-**

Diverse kioskarer fra kr ..... **5,-**

Diverse leker fra kr ..... **20,-**

Brukte DVD'er 1 stk..... **50,-**

5 stk..... **200,-**

10stk..... **350,-**

**Som medlem i Coop  
får du ÷ 30 øre  
pr. liter på  
drivstoff**



**Varhaug - Tlf. 51 43 02 33**



## Opstadv. 621

**Varhaug - tlf. 51 79 83 10**

## Velkommen til "ny" butikk



## ÅPNINGSTID MARKEN

Fredag 7.00-20.00.

Lørdag 9.00-15.00

**ÅPENT:** Man/ons. 7-15.30.  
Tir/fre. 7-16. Tor. 7-18.  
Lørdag 9-13.



# SJAKK på Varhaug

No er skulesjakken for våren 2007 ferdig. Litt premiering står att. Og så startar me opp att i september.

25 mars var det lagmesterskap for skular, og me stilte med 2 lag. Eitt lag frå Vigrestad barneskule og eitt blandalag med berre tre deltakarar frå Varhaug. På bilete nr 1 er det Ole Andreas, Kyrre og Sverre (Frå Nærbø) som var blandalaget. Me hadde håpt å få lånt ein spelar frå ein annan klubb,- men det lot seg ikkje gjera. Og med tre spelarar vart det alltid eitt minuspoeng for laget når motstandarane hadde ein spelar meir. Sjølv om alle kjempa godt,- så hamna ein nedst på lista av 14 lag i alt Vigrestad laget (bilete nr 2: Alexander og Tobias, bilete nr 3: Magne og Martin) kjempa godt,- og dei to ferske spelarane Tobias og Alexander sank gode poeng. Laget hamna noko nede på lista, med 11. plass Jæren sjakkklubb stila med eit lag frå Bryne ungdomsskule, og me vart nr 2 i ungdomsskuleklassen.

Elles har ein god del av gutane i skulesjakklaget vore med i BGP turneringar (Barnas Grand Prix). Og på Lye 22. april hadde me 3 gutar, David vart nr 6 i klasse for nybegynnarar, medan dei to meir rutinerne Magne og Martin vart nr 2 og 5. Og i BGP i Stavanger 13. mai deltok Magne og Martin i miniputtklassen og vart nr 2 og 7.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid



.....  
Rosselandsvg. 63  
4340 Bryne  
Org.nr. 990602654  
www.brynebobil.no

**BRYNE BOBIL AS**

MONS HAARR  
Daglig leder

Mobil 928 36 300  
mons.haarr@fyse.no

PERSONLIG SERVICE OG RIKTIG PRIS .....

**VARHAUG hud- og fotterapi**  
v/ Heidi Dubland Bø

**Føttene trenger også fagfolk !**

Mandag og torsdag 15 - 19  
Tirsdag og fredag 9 - 15

ALT INNEN NYBYGG - PÅBYGG - REHABILITERING

**Magnar  
Helleren**

4360 VARHAUG Tlf: 975 21 200 - 51 43 07 34



# Turnstevnet

Sidan Varhaug Idrettslag skal arrangere turnstevne 2. og 3. juni, vart eg oppmoda til å skriva litt om "mor" til turnen på Varhaug. Ho heiter Eli Aanestad, gift med Harald og bur på Høienfeltet. Dei har 4 barn i alder 27-39 og 10 barnebarn i alder 2-14. Eli kjem frå Sandnes, og var som barn med i både korps, speidar, turn og mykje friidrett. Ein del av aktivitetane forsvann etter kvart, men TURNEN vart ståande att. Som 15 åring fekk ho vera med til Tyskland på Gymnastradaen, ei fantastisk oppleving. Seinare har det vorte deltaking på fleire Gymnastrada saman med damene i Varhaug-turnen. Kva gjer så Eli når ho som nygift kjem til Varhaug, og det ikkje er turn? Ho hadde vore på Varhaug ca 1 år då ho kontakta turnleiaren i Sandnes, det vart eit møte med styret i idrettslaget, og dermed var det gjort. Seinare heldt Eli på med turn i mest 30 år. Det var rolsepartiet frå 3-5 år, jenter 5-7 år, 7-9 år og 10-12 år. Seinare kom og damene til, og dei var på det første stevnet i Trondheim i 1978. Å koma som innflyttar til Varhaug-bygda er ikkje alltid like lett, men her vart Eli kjent med både ungar og foreldre på rekordtid takka vere turnen. Eli og eg set og mimrar litt om turn, marsjering og linjegymnastikk. Det er som med musikk, har du ein gong lært noko har du det alltid med deg seinare. Det er mange gilde turnstevne å sjå tilbake på. Tenk berre på det store stevnet her på Varhaug i 1982, seier Eli, 4018 ungar som både turna og skulle ha mat, og så det flotte veret; sol og knall blå himmel. Tida i turnen var ei fantastisk tid, seier Eli. Dei siste 14 åra har Eli arbeidd som assistent i skulen på Varhaug, det er og ein kjempegild jobb, og her



får ho og høve til å vera saman med ungar. Det er ikkje få ungar på Varhaug som opp gjennom åra har lært korleis dei skal marsjera, lya når dei vert tilsnakka og halda orden på rekkene. Kanskje skulle ho framleis vore med som instruktør, for ho hadde ein autoritær måte å vera på som gjorde at ungane hadde respekt for henne. At nokre av ungane kanskje tykte ho var vel streng, og kanskje litt sint av og til, det gjorde ingen ting etter mi meining. Ungane lærde å høyra etter på det som vart sagt til dei, og dei lærde mykje av Eli. Ho hadde nok framleis halde på med turn dersom ho ikkje hadde fått øydelagt eine armen då ho ramla på sykkelen. Armen har ho nå heldigvis fått operert, men seier at det ikkje er aktuelt å gjera "come back". Men ho håpar at turnen fortsatt vil ha framgang på Varhaug, sjølv om idrettskulen nok har gjort at ungane slepp alt for seint til med vanleg turn. Eg takker for drøset, og seier vel ovrstått med 60 års dagen som var 21. mai. (I mi tid som medlem av heidersteiknemnda i Varhaug idrettslag, var eg med på å gje Eli VIL's sølvmedalje for godt utført arbeid i laget gjennom mange år. Det er noko eg er veldig glad for) Liv




## Varhaug Bondelag

Her kjem litt om aktiviteten i Varhaug Bondelag første halv år 2007. Me hadde jerninnsamling den 10 mars sjå Peter Vagle. Responsen var god, det var ein jamn straum av traktorar og nokre bilar heile laurdagen. Resultatet vart fem containerar med totalt 30 tonn med jern. Året i førevegen samla me inn 19 tonn, så me såg ein god auke her. Me vil leggja inn ein takk til Peter Vagle som lot oss disponera austsida av løa, og ikkje minst Jarle Waldeland som nok ein gong stilte med gravemaskin. Det blir ny jerninnsamling neste år. Me har hatt 2 turar, ein dagstur til Fiskå Mølle AS sin kraftførfabrikk på Fiskå og ein kveldstur til Felleskjøpets avdeling i Sirevåg. Gode fagmøte og god mat begge stader. I januar var det duka for stormøte med SR-bank. Formann i Frp Siv Jensen og landbruksministeren, Terje Riis-Johansen stod for hovudinnlegga. Ca 600 møtte, og me fekk ein debatt kring temaet.

Studiearbeidet kring samvirke var tema i fire kveldar. Utale til jordbruksforhandlingene ein kveld. Grillkveld på Holmavatn i år blei til pølsekveld i matsalen på grunn av været.

Quiz og utlodning i peisestova etterpå. Ellers har blant annet Bio-Gass anlegget på Grødeland vore i fokus første halvår.







## Varhaug bygdekvinnelag.

Først på programmet nå er turen til Peder Haugland sin hage i Flekkefjord 31. mai. Då reiser me med buss.

Ingen Varhaugmarken utan kinning og baking. Bygdekvinnelaget er på plass med dette begge dagane.

Den årlege basaren vert på Eldresenteret torsdag 30. august  
Årsmøtet vert torsdag 27. september. Då skal Bjørd Sandve fortelja frå 4H turen ho hadde til Gambia.

Strikkekaféen har vore ein suksess, så den skal me halda fram med. Første gongen, som vanleg på Mega, vert mandag 3. september kl. 16.30 - 1900.

Vidare vert det strikkekafè 1. oktober og 5. november.

17. mai

Ein flott dag med sol og vaiande flagg. Sidan ikkje alle fekk med seg talen for dagen, var Kristin Søyland så grei at ho sende den over til redaksjonen.



# Nytt frå Misjonshuset

Me må fyrst få sei oss lei for at me i førre utgåve av Varhaugbuen kom i skade for å levera inn eit gammalt innlegg. Det som skulle vore med, omhandla mellom anna at ein av eigarorganisasjonane på misjonshuset, Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM) feira 100 årsjubileum 3 dagar til ende 21. april. NLM var frå starten av kalla Kina-misjonen, og 100 åringen syner seg å vere svært så livskraftig enno. På Varhaug er det ei mengd foreningar og lag som høyrer til NLM.

Det er ikkje berre "vanlege" møter på Misjonshuset. 1. mai har Normisjon tradisjon for å ha noko uvanlege møter, og i år var det ein flott kveld med fiskesuppe og songar som mange er glade i. Det var så vellukka at ein kan rekne med at det vert fiskesuppe neste år og, så berre kom og få ei god oppleving for lekam og sjel.

Elles forgår det mykje på Misjonshuset, for alle aldersgrupper. **Slå på PC'en og sjekk internettsida.**

Internettsida til Misjonshuset er: [www.varhaug-misjonhus.no](http://www.varhaug-misjonhus.no)

Det er no slik at dersom nokon ynskjer leiga lokale på Misjonshuset til konfirmasjon i 2008, så er ein for seint ute til å få matsalen. Men dersom ein satsar på "koldtbord" eller catering, er det framleis ein mulighet. For 2009 må ein seia ifrå innan utgangen av april neste år. Me kan ha to selskap parallelt, og dersom fleire er interessert, vert det loddrekning i første veka i mai 2008.

Det er kontortid måndag og torsdag frå 2000 til 2100 fram til 15. august, etter 15. august er kontortida frå 1900 til 2100, og telefon er 51430808

**Velkomen til Misjonshuset.**

Med helsing, Per-Arvid



*Neste storsamling for heile familien "På Kross og tvers" vert 23. september kl 1800. Sjå om du kan få med det.*



Varhaug 2007:

## Ekspllosiv auke i boligbygginga

Varhaug bedriftsforening har lenge vore bekymra for manglande tomter og muleghet for folk å etablera seg på Varhaug. Det har våre for liten tilgang på tomter/ utbyggingsområder dei siste åra. Etter ein uformell gallup til fleire av utbyggarane på Varhaug kan me koma med oppsiktsvekkjande høge tall for igangsatte og planlagt igangsatte boenheter i 2007 ca 80 boenheter med stort og smått. Dette bekrefter at dei 17 boenhetane på Varhaug som kommunen operer med i gjeldande kommuneplan er alt for låge og må kraftig oppjusterast i den revidering av planen som pågår nå. Av dei 90 boenheter er det ca 15 som kan definerast som enebolig. Til samanligning var det bygt 20

boenheter i 2004 – 12 i 2005 – 15 i 2006, me vil hevda at det var mangel på boliger/tomter og ikkje mangel på kjøparar som er grunn til desse låge tala.

I gangsette bustader i 2007:

|                    |         |
|--------------------|---------|
| Bratlandsmarka     | 58 stk  |
| Eikevn.            | 5 stk   |
| Ringvn.            | 3 stk   |
| Coop 1. byggetrinn | 15 stk. |

**For Varhaug Bedriftsforening  
Jon Harald Håland (leder)**

## "Seniordansen på Varhaug" opptrer på Marken.

Kvar tysdag føremiddag frå kl. 10.00er 18-20 ivrige seniordansarar på trening på Eldresenteret under kyndig leiing av Kirsten Nord-Varhaug og Gerd Marie Bjorheim.

Då eg var innom var dei ikkje så mange, for ein del av dansarane var ute på tur.

Kirsten seier dei har plass til fleire, så dersom det er nokon som har lysst på litt trim både kropp og sjel er dei hjarteleg velkomne.

Varhaugbuen gler seg til oppvisninga deira under Varhaugmarken.







## Salsutstilling av kunst.



I tida 30. juni til og med 15. juli 2007 kjem Marit Storrusten til Lerbrekk skule. Ho har dei siste 7 åra vore faglærer i teikning, form, farge, kunst- og kulturhistorie ved Sandnessjøen vidg. skole i Nordland. Marit var i unge år radiotelegrafist, og har mellom annan arbeidt 7 år ved Rogaland Radio på Skjæveland. Ho har og budd i Rogaland ein periode. I 1985 vart det omskolering og utdanning innan kunst og kultur, maling, teikning m.m. Ho har og hatt ein del utstillingar rundt om i Norge dei seinare åra. Me kan nemna desse som har kjøpt inn noko av produksjonen til Marit: Televerket Otta, NSB Otta, Rondane Høyfjellshotel og Televerket Gjøvik.

Me på Lerbrekk vil få ynskja Marit Storrusten hjarteleg velkomen til den gamle skulen her. Samstundes vil me og ynskja folk rundt om på Jæren - og endå vidare - hjarteleg velkomen til ei god oppleving her på skulem. Kunstnaren sjølv vil vera til stades i åpningshelga + noko til.



Åpningstider lørdag 30.  
juni kl. 13.00 - 17.00  
Søndag 1. juli kl. 13.00 - 17.00

### Vidare

Lørdag 7. juli kl. 13.00 - 17.00  
Søndag 8. juli kl. 13.00 - 17.00  
Onsdag 11. juli  
(medio) kl. 17.00 - 20.00

### Avslutningshelg

Lørdag 14. juli kl. 13.00 - 17.00  
Søndag 15. juli kl. 13.00 - 17.00

Det vert og høve til å kjøpa kaffi og litt å bita i.

Helsing Vennelaget  
v/Sigbjørn Varhaug





# Årsmelding for Vennelaget Lerbrekk skulehus.

Årsmøtet var 21. mars.  
Laget har 121 medlemmer, og 43 møtte på årsmøtet.

Årsmelding og rekneskap vart lagt fram og godkjent.

Årsmeldinga viser eit aktiv lag. Over 2400 menneske hadde vore på Lerbrekk i 2006 i ymse samanheng; 18 "bursdagsselskap", 3 klassefestar, 1 konfirmasjon, 2 barnedåpar, 1 bryllup, 1 sølvbryllup. Vidare har det vore til 9 samlingar som slekts- søskenbarn- og vennetreff o.l og 3 minnesamvær etter gravferd.

I tillegg til dette har lag og foreningar leigd skulen både til styre- og medlemsmøter.

Det har vore åpen kafè 22 gonger. Det vart ein del ekstra dagar då Karen Roed frå Danmark hadde kunstutstilling.

Vennelaget har og arrangert både grillkveld, graudafest og juletreffest. Økonomien til laget er og bra. Dei som var på val, tok attval.

Styret ser slik ut:

:  
Leiar Sigbjørn Varhaug  
Skrivar Aud Bratland Bø  
Kasserar Eirik J. Varhaug  
Styremedlemar Anna Hobberstad og Sverre Varhaug.  
Revisorar Øystein Bratland og Ingvar Reiestad.

Utanom dei vanlege årsmøtesakene var det sang og musikk av Kåre Varhaug og Kjell Paul Ødegård. Eldar Odland, tidlegare ordførar i Hå gratulerte laget med godt arbeid på skulen, og fortalde laust og fast frå tida si i kommunepolitikken. Det hadde vore gilde og spanande år.

Vennelaget hadde 10 års jubileum, og dette vart markert med ekstra god mat.

Me slutta kvelden med å syngja "Kveld på Jæren"

ABB



**Husk !!!!**

**Grillkvelden onsdag 25. juli**



# VÅR I LUFTEN

## Traktorklypper

2217 CMA, 16,5 hk, integrert oppsamler

**25.950**



## Jonsered LM

2147 CMD

**3.590**



## Flymo Power Trim

12 m kabel, 500 w. Råsterk trimmer.

**499,-**



TORO

## Automatic 55 klipper

6 hk.

**4.990,-**



## NORDIC Kompostkvern

2400 W

**2.590,-**



## NILFISK Alto E-140

1-10 S X-tra.  
140 bar/500 l/t

**3.390,-**



## MF tråtraktor

m/luftehjul og brems

**1490,-**



# EIK

## SENTERET

VI ER DER NÅR DU TRENGER OSS

Varhaug - tlf. 51 79 94 80

Kleppe - tlf. 51 78 83 80

[www.eiksenteret.com](http://www.eiksenteret.com)

Åpent: Mandag-fredag 7.30-16.30( kl. 16 på Klepp) • Torsdager til 18.00 • Lørdag 10-13